

# Årsmelding og rekneskap 2004



## **Sogn regionråd**

Årdal kommune  
Lærdal kommune  
Aurland kommune  
Vik kommune  
Luster kommune  
Sogndal kommune  
Leikanger kommune  
Balestrand kommune  
Høyanger kommune

# Innhald

<u>Innhald</u> .....	2
<u>1 Sogn regionråd</u> .....	3
<u>1.1 Samansetnad</u> .....	3
<u>1.2 Møte og deltaking</u> .....	3
<u>1.3 Rekneskap – økonomisk resultat</u> .....	3
<u>2 Aktivitetar i 2004</u> .....	4
<u>2.1 Fellesløysingar/løyvingar</u> .....	4
<u>2.2 Helse</u> .....	4
<u>2.3 Flyplass</u> .....	5
<u>2.4 Samferdsle</u> .....	5
<u>2.4.1 Ferjesambandet Mannheller-Fodnes</u> .....	5
<u>2.4.2 Vegvaktssentralen i Lærdal</u> .....	6
<u>2.4.3 Glattkøyringsbane i Sogn</u> .....	6
<u>2.5 Regional utviklingsplan</u> .....	6
<u>2.6 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi</u> .....	6
<u>Vedlegg</u> .....	8

# 1 Sogn regionråd

## 1.1 Samansetnad

Sogn regionråd er eit interkommunal samanslutnad/ "§ 27 selskap" leia av eit råd samansett av ordførarane i kommunane -Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland.

Regionrådet si samansetjing i 2004 var:

Lærdal kommune, Knut O. Aarethun (leiar)  
Balestrand kommune, Erland Fagermoen (nestleiar)  
Sogndal kommune, Karen Marie Hjelmeseter  
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid  
Aurland kommune, Olav Ellingsen  
Leikanger kommune, Olav Lunden  
Høyanger kommune, Kjartan Longva  
Luster kommune, Torodd Urnes  
Vik kommune, Erik Lidal

## 1.2 Møte og deltaking

Sogn regionråd hadde 6 møte og handsama 36 saker i 2004.

Det er oppretta ei eiga rådmannsgruppe med rådmannen frå dei 9 kommunane i regionrådet. Dei fokuserer i hovudsak på felles kommunale driftsoppgåver. Leiar av rådmannsgruppa i 2004 var Vidar Roseth, rådmann i Balestrand. For aktivitetar i rådmannsgruppa vert det vist til eiga melding.

Sogn regionråd har gjennom året kjøpt sekretærtjenester hjå Sogndal kommune.

Høyanger kommune melde seg ut av rådet. I samsvar med dei reglar som gjeld for utmelding, trer utmeldinga i kraft frå 1.1. 2006.

## 1.3 Rekneskap – økonomisk resultat

Tala rekneskapen byggjer på er lagt fram for revisor som ein del av rekneskapen for Sogndal kommune.

Detaljert rekneskap er lagt ved – sjå vedlegg 1.

Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på 479 585 kroner. Midlane vert lagt til regionrådet sin eigenkapital.

Det er tilført 960 000 kroner i eksterne prosjektmidlar gjennom året.

For detaljar vert det vist til rekneskapen.

## 2 Aktivitetar i 2004

Gjennom budsjettet og eigne tiltaks-/arbeidsplanar er det trekt opp mål for verksemda i regionrådet.

Sogn regionråd har fem definerte satsingsområde:

- Fellesløysingar
- Næringsutvikling.
- Samferdsle.
- Regionale tenestetilbod.
- Høyringsinstans.

Sogn regionråd vedtok for år 2004 eit budsjett med ei samla kontingent med råde på kr 3,22 mill. Dette var eit budsjettvedtak basert på at kommunane sine kostnader knytt til rådet sin aktivitet skulle liggja på tilsvarande nivå som tidlegare år. Til prosjektet Kommunenett løyvde kommunane 1,72 millionar kroner. Dette går til leige av nett og tenester knytt til nettet (tryggleik, web-hotell m.m.).

### 2.1 Fellesløysingar/løyvingar

Sogn regionråd sine felles løyvingar gjekk i 2004 til reiselivssamarbeid (Visit Sognefjord), IKT-prosjektet, kommunenett og innkjøpssamarbeidet.

### 2.2 Helse

Rådet har ei eiga gruppe som arbeider med helsetilbodet i regionen. I gruppa sit ordførarane i Luster, Balestrand og Lærdal. Helsefagleg ansvarleg frå Årdal er trekt inn som fagkonsulent i arbeidet. Sekretariatsleiaren er sekretær for arbeidet.

Omorganiseringa av Helseforetaket og påverknad av denne frå kommunane si side har vore ei særskild viktig sak for regionen. I 2004 gjekk mykje av tida til sekretariatet med til dette arbeidet.

I dette arbeidet var mellom anna rådet representert i ei eiga "kommunegruppe" med mandat å sjå nærare på verknadene av eventuelle omstillingar i helseforetaket på kommunehelestenesta og kommunane. Ei vurdering av dette er samla i ein eigen rapport:

#### [Status for indikatorar i Sogn](#)

Gruppa har følgd opp utspel frå helseforetaket, delteke på alle høyringar og dialogmøte som har vore haldne, og hatt ein tett dialog med leiinga i foretaket. I arbeidet har ein også hatt dialog med Nordfjorrådet og folkeaksjonistane. Det er også gjeve finansiell støtte til Forsvar Lærdal sjukehus.

Det vart sendt eit brev til helse og omsorgsdepartementet (Vedlegg 2)

Hausten 2004 vart det laga ei eiga utgreiing av eit muleg legevaktsamarbeid mellom kommunane knytt til sjukehuset i Lærdal. Eit slikt tiltak vil betre rekrutteringa og stabiliteten i kommunehelsetenesta og samstundes styrke basisen til sjukehuset.

Kommunane er bedne om å ta stilling til eit muleg legevaktsamarbeid i løpet av våren 2005. Utgreiinga vart sendt over til kommunane som grunnlag for deira vidare handsaming. Utgreiinga finn ein på denne nettadressa:

Legevaktrapport

## 2.3 Flyplass

Rådet har ei eiga gruppe som arbeider for å betre flytilbodet i regionen. I gruppa sit ordførarane i Sogndal, Leikanger og Årdal. Sekretariatsleiaren er sekretær for arbeidet.

Flygruppa har arbeidd målretta for å få sett i verk tiltak for å betre regulariteten på Sogndal lufthamn. Gruppa har hatt ein god dialog med Avinor og fylkeskommunen i arbeidet.

Vinteren og våren 2004 vart det inngått intensjonsavtalar både med Avinor og Sogn og Fjordane fylkeskommune om saman å bidra til å utvikle flyplassen til eit godt tilbod med høg regularitet. Intensjonsavtalane finn de på nettet:

[Intensjonsavtale mellom Sogn regionråd og Avinor](#)  
[Intensjonsavtale mellom Sogn regionråd og SFFK](#)

Våren 2004 vart det gjennomført ei eiga gransking av det mulege trafikkpotensialet over flyplassen. Granskinga kom til i samarbeid med Avinor og Fylkeskommunen og vart finansiert av dei tre samarbeidspartane. For dei som er interesserte finn ein granskinga på denne internettadressa:

Trafikkpotensiale Sogndal lufthamn

I løpet av året vart medfinansiering frå kommunane avklara. Totalt er det sett av vel 6 millionar kroner etter ein fordelingsnøkkel vekta etter kommunen sin avstand, bruk og næringslivet sin "nytte" av flytilbodet. Alle kommunar deltok i medfinansieringa.

Det vart starta arbeid med ei felles profilering av kommunane på flyplassen. Det er uttrykt ein forventning om at Avinor føl opp og gjennomfører tiltak for å betre vinterregulariteten på flyplassen i løpet av sommaren og hausten 2005.

## 2.4 Samferdsle

### 2.4.1 Ferjesambandet Mannheller-Fodnes

I høve ferjesambandet Mannheller Fodnes og anbodsrunde på ferjetenestene har det vore ein løpande dialog med vegstyresmaktene som ansvarlege for anbudshandteringa. Det har vore gjeve klare signal om at ein ønskjer å halde fram med to ferjer og frekvens minst på same nivå som i dag. Dette både av omsyn til nyttetraffikken inn og ut av fylket, og av omsyn til beredskap og tryggleik knytt til sjukehuset.

Fråsegn til Statens vegvesen (sjå vedlegg 2)

#### **2.4.2 Vegvaktentralen i Lærdal**

Vegstyresmaktene gjorde framlegg om å legge ned nattevaktordninga på vegvaktentralen i Lærdal med verknad frå 1 april 2005. Rådet ser på dette som ei svekking av tryggleiken for dei vegfarande i Sogn særskilt, men og i fylket generelt.

I samarbeid med fagfolk i kommunane (brannsjefar og politi) har rådet argumentert i mot ei slik omlegging og teke dette opp med vegstyresmaktene. Som ein del av påverknadsprosessen fekk ein tilslutnad frå fylkestinget og møtte statssekretæren i samferdsledepartementet. Diverre nådde ein ikkje fram.

#### **2.4.3 Glattkøyringsbane i Sogn**

Sogndal kommune har engasjert seg i høve til å oppretthalde ei glattkøyringsbane i Sogn. Rådet ser på dette som eit viktig regionalt anlegg og har stilt seg bak kommunen i deira arbeid. Møtet med statssekretæren i samferdsledepartementet vart og nytta til dette føremålet.

### **2.5 Regional utviklingsplan**

I arbeidet med regional utviklingsplan har ein støtta seg på ein ekstern konsulent. Det har vore gjennomført ein spørjerunde i kommunane for å få inn idear til prosjekt innafor kultur, reiseliv og ungdom. I alt kom det inn 36 innspel. Innspela vert sorterte, og det vert vurdert kven ein skal arbeide vidare med.

I arbeidet har rådet vore i nær dialog med fylkeskommunen, og har fått sin eigen kontaktperson i fylkesadministrasjonen.

### **2.6 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi**

Sogn regionråd vedtok i juni 2003 å gjennomføre eit IKT-prosjekt. Føremålet med prosjektet er å utvikle samarbeidstiltak innan IKT med særskild vekt på applikasjonsdeling, tryggleik, drift og vedlikehald. Prosjektet er finansiert av regionrådet og fylkeskommunen i fellesskap. Totalramma for prosjektet er på 850.000 kroner fordelt over to år.

Sogndal kommune leverer sekretariatstenester til prosjektet, og har sett av eitt årsverk til dette føremålet. Det er tilsett prosjektleiar og rådmannsgruppa fungerer som styringsgruppe for prosjektet. Prosjektleiar rapporterer direkte til styringsgruppa.

Prosjektleiar tok til i september 2003. Prosjektet skulle etter planen avsluttast innan utgangen av 2004, men vart vedteke forlenga med eitt år.

Etter å ha vore i ein forankrings-, utgreiings- og avklaringsfase er prosjektet no over i ein gjennomføringsfase. I løpet av 2004 har ein:

- Avklara fokusområde og deltakarar, og laga plan for det felles IKT-prosjektet

- Utarbeidd kravspesifikasjon for å oppnå naudsynt kapasitet, tryggleik og støtte framtidige behov til eit felles IKT-stamnett
- Utarbeidd felles "mekanisme" eller retningsliner for informasjon og handsaming når kommunar skal skaffe nye IKT-system med tanke på einsarta dataløysingar i kommunane på lang sikt
- Starta opp eit samarbeidsprosjekt i høve Geografiske informasjonssystem (GIS). Det er laga plan for utvikling av felles kartdatabase, KommuneGAB, kobling mot faktureringssystem og løysing for innsyn via internett. Prosjektet er tilført 1 450 000 kroner i eksterne midlar
- Starta opp eit samarbeidsprosjekt i høve Barnevernssystem, plattform for samarbeid om personsensitive løysingar. Det er utarbeidd plan for forprosjekt i 2005. . Prosjektet er tilført 275 000 kroner i eksterne midlar

For nærare rapportering vert det vist til rapporten frå rådmannsgruppa.

[Årsmelding 2004 for rådmannsgruppa](#)

# Vedlegg 1 Rekneskap Sogn regionråd 2004

Driftsrekneskap	2 004		
	Budsjett	Rekneskap	Differanse
<b>Drift sekretariat</b>			
Lønn og sos kostnader	500 000	524 282	-24 282
Mobiltelef	12 000	5 679	6 321
Kontorleige	103 750	112 000	-8 250
Reiser	40 000	39 646	354
Deltaking seminar/komp bygg	15 000	4 215	10 785
Kjøp faglitteratur	3 000	1 364	1 636
Representasjon	5 000	6 301	-1 301
Heimeside utv og drift, datautstyr	50 000	42 739	7 261
Annonser	0	8 726	-8 726
Kontorrekvisita	0	576	-576
Telefon	0	2 403	-2 403 <sup>1</sup>
HMS, arbeidsmiljøtiltak	0	1 565	-1 565 <sup>2</sup>
<b>Totalt sekretariat</b>	<b>728 750</b>	<b>749 494</b>	<b>-20 744</b>
Drift rådet	75 000	39 790	35 210
Drift rådmannsgruppa	72 500	17 079	55 421
<b>Drift Sogn Regionråd totalt</b>	<b>876 250</b>	<b>806 363</b>	<b>69 887</b>

<sup>1</sup> Vert ført tilbake frå Sogndal kommune i 2005

<sup>2</sup> Vert ført tilbake frå Sogndal kommune i 2005



**Prosjektrekneskap**

Innkjøpsavtale	265 000	325 500	-60 500
Kommunenett	1 750 000	1 623 780	126 220
Visit Sognefjord	200 000	199 995	5
GIS-prosjekt	0	6 390	-6 390
Frie midlar	460 000	340 811	119 189
Ungdom	0	1 013	-1 013

**IKT-prosjektet**

Kontorhald	100 000	110 000	-10 000
Lønn og sosiale utgifter	490 000	494 001	-4 001
Reiser	20 000	22 048	-2 048
Kjøp av faglitteratur	0	0	0
Mobiltelefon	20 000	13 701	6 299
Kjøp av støttetjenester	7 000	0	7 000
Møte, representasjon	0	6 600	-6 600
Kurs og konf	0	6 223	-6 223
Moms	0	3 833	-3 833

---

<b>Totalt - IKT-prosjekt</b>	<b>637 000</b>	<b>656 406</b>	<b>-19 406</b>
------------------------------	----------------	----------------	----------------

---

<b>Avsetning bunde driftsfond</b>	<b>479 585</b>
-----------------------------------	----------------

---

<b>Sum utg</b>	<b>4 439 843</b>
----------------	------------------

---

**Tilførte midlar**

Frå fylkesmannen til GIS	200 000
Frå fylkeskommunen til RUP	350 000
Refusjon frå kommunane	3 434 843
Frå Høykom til breiband	260 000
Frå fylkeskommunen til ungdom	100 000
Frå Avinor til flyplassgransking	50 000
Frå Sogndal kommune	45 000 <sup>3</sup>

---

<b>Totalt tilførte midlar</b>	<b>4 439 843</b>
-------------------------------	------------------

---

---

<sup>3</sup> Ført tilbake frå 2003

**Eigenkapital pr 31.12.2004**

Fond prosjekt	269 133
Fond kontingent	540 478
Fond kommunenett	925 000
<b>Totalt fond</b>	<b>1 734 611</b>

**Disponering av eigenkapital**

Fullfinansiering IKT-prosjekt <sup>4</sup>	150 000
Investering i breiband	260 000
Delfinansiering GIS prosjekt	200 000
Ungdom	200 000
Rest avsett til bistand RUP	93 217
Skuldar på kommunenett	766 250
<b>Totalt disponering</b>	<b>1 669 467</b>

Disponibel eigenkapital	65 144
Avsetningar til fond	479 585
Tilbakeføring frå Sogndal kom.	3 968
<b>Totalt</b>	<b>548 697</b>

Revidert som ein del av Sogndal kommune sin rekneskap.

Sogndal, 23.05.2005

---

<sup>4</sup> kr 150 000,- overført frå 2003.

# VEDLEGG 2: Pressemeldingar

Statens vegvesen - Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Sakshandsamar: Alf Olsen jr., tlf: 57 62 96 14

Vår ref  
04/00841-001

Eining/avd/  
SOGN/REG

Arkiv  
N33

Dykkar ref

Dato  
22.06.2004

## **ANBODSGRUNNLAG FERJESAMBANDET MANNHELLER-FODNES - UTTALE FRÅ SOGN REGIONRÅD**

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for dei ni kommunane Høyanger, Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland. Rådet er særskilt opptekne av rammer for utvikling i regionen. Dei kommunikasjonsmessige forholda er ein sær s viktig del av dette.

På møte i rådet 18 juni 2004 vart følgjande uttale vedteken samrøystes:

Sogn regionråd er gjort kjent med at det i anbudsgrunnlaget for ferjedrift på sambandet Mannheller-Fodnes er opna for trafikk med berre ei ferje. Dette kan ikkje Sogn regionråd akseptere. Rådet vil vise til at dette sambandet er ei hovudferselsåre mellom Sogn og Fjordane fylke og austlandet/Bergen.

Sambandet er ei livsnerve i regionen i høve offentleg kommunikasjon, næringsliv og beredskapstenester som ambulanse m.m. Sogn regionråd ser det som sær s viktig for utviklinga i regionen at ferjetilbodet Mannheller Fodnes minst vert oppretthalde med dagens frekvens og kapasitet.

Sogn regionråd stiller seg uforståande til at ein kan utforme eit anbudsgrunnlag med slike konsekvensar, utan at berørte partar får uttale seg på førehand.

Rådet ber om at uttalen vert teken med i vidare arbeid med ferjesambandet.

Med helsing

Knut O. Aarethun  
Leiar  
(sign)

Alf Olsen jr  
Spesialkonsulent

Kopi til: Leiar for Samferdselskomiteen på Stortinget, stortingsrepresentantane for Sogn og Fjordane, vegdirektøren, Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane i Sogn.

**Helseminister Ansgar Gabrielsen**  
**Det Kgl. Helsedepartement**  
**postboks 8011 Dep**  
**0030 OSLO**

Sakshandsamar: Alf Olsen jr., tlf: 57 62 96 14

Vår ref	Eining/avd/ SOGN/REG	Arkiv	Dykkar ref	Dato
02/01896- 049		H11		19.11.2 004

## **Omleggingar i helseforetaka – konsekvensar og politiske vurderingar**

Dei vedtak som er gjort i Helse Førde medfører ei sentralisering av øyeblikkeleg hjelp og akuttberedskapen til Førde. Konsekvensen av dette vert at pasientar vil måtte sendast frå ulike deler av fylket til Førde. I Sogn og Fjordane er framleis reiseavstandane store.

Sogn regionråd hadde fleire merknader til prosessane og saksutgreiinga styret i Helse Førde basert sitt vedtak på. Kopi av brev med merknader er lagt ved.

### **2.7 Krav til dokumentasjon**

I Helse Førde sitt saksframlegg til styret var det ikkje vurdert om ambulansetenesta kan handtere ei sentralisering av øyeblikkeleg hjelp eller om beredskapen må aukast. Dette skjedde trass i at Helsedepartementet i framlegget til statsbudsjett skriv:

**Ordningene for akuttberedskapen må være godt kjent i befolkningen, og det må dokumenteres at de endringer som velges, gir trygghet for at tjenesten blir gitt på en rask og god måte når behov oppstår.** Ved endringer må det være klargjort hvilke supplerende tiltak, for eksempel styrking av ambulanseberedskap, som bli iverksatt, for endringer skjer. (.....)

*Når endringer gjennomføres, må det stilles krav overfor regionalt helseforetak og helseforetak at det foreligger en helhetlig strategi som tydeliggjør framtidig rolle for lokalsykehuset. (Stortingsproposisjon nr. 1 2004-2005 s. 286, vår utheving)*

I brev til Helse Førde (vedlagt), etter at vedtak var fatta i styret, gjorde Sogn regionråd ein freistnad på å få fram konsekvensane i høve ambulansetenesta. I svarbrev (vedlagt) dagsett 15.10. gjer helseforetaket greie for organisering av ambulansetenesta. Det vert vidare vist til at ein har vurdert organiseringa som tilstrekkeleg til å dekke nødvendig beredskap og transport av pasientar.

Dei konklusjonane Helse Førde trekker no, står i kontrast til tidlegare vurderingar gjort ved oppretting av forsterka fødestove ved Lærdal sjukehus. Av rapport frå eiga

gruppe med mandat å sjå nærare på konsekvensar for kommunane og kommunehelsetenesta ved oppretting av slik fødestove går det fram følgjande:

*”Sjølv med vesentleg mindre auke i transportoppdrag og –lengde som vil vere følgjene ved omlegging til forsterka fødestove, er dei faglege vurderingane at ein aktivitetsauke i ambulansetenesta i indre Sogn vil bringe aktiviteten over ein ny ”terskel” og utløyse behov for kapasitetsauke – spesielt i høve til beredskap for ev. oppdrag. Ved ev nye nasjonale krav til ambulansetenestene, vil endringane i ambulansetjenesta kunne bli store i alle deler av fylket.”*  
Prosjekt forsterka fødestove i Lærdal Administrativ arbeidsgruppe, delrapport oktober 2003 s. 2-3.

Helseforetaket sine vurderingar er gjort utan at tala for transport, kva pasientar det gjeld, pasientvolum, kor mykje lenger ambulansane vil vere vekke frå sine vakt-distrikt, endringar i risiko for samstundeskonfliktar m.m. er gjort kjende. Det vert alstå ikkje gjeve innsyn i **vurderingsgrunnlaget**, noko som gjer det umuleg for andre å etterprøve dei vurderingar som er gjort. Dette er ikkje vere i samsvar med god forvaltningskikk, og er diverre med på å **svekke tilliten** mellom befolkning og helseforetak ytterlegare.

Ut frå det materialet som regionrådet har fått tilsendt, er det vår vurdering at departementet sine krav til dokumentasjon **ikkje er stetta** verken i høve tryggleik for rask utføring, eventuelle supplerande tiltak eller kvifor det ikkje er naudsynt med slike tiltak.

## 2.8 Utgreiing og politisk vurdering av konsekvensar

Når ein skal bygge ein veg, er det gjennom plan og bygningslova omfattande krav til vurdering av konsekvensar for m.a. natur, miljø og busetnad. Som ein del av planlegginga, vert det sett i gang ein omfattande prosess for å klargjere konsekvensane. Sogn regionråd registrerer at ein i helseforetaka gjer framlegg om endringar som vil påverke store befolkningsgrupper over heile landet, utan tilsvarende synleggjering og vurdering av konsekvensar.

Det er ei **politisk** vurdering om konsekvensane av omleggingane er akseptable eller ikkje. Sogn regionråd finn det rimeleg at dette vert gjort som grunnlag for utforming av ein nasjonal politikk, og at det vert stilt krav til helseforetaka om å talfeste konsekvensane. Slike krav er nedfelt i forvaltningslova, som også helseforetaka er underlagt. Fyrst ut frå eit slikt faktagrunnlag, vil ei vurdering av likeverd i tilboda gje meining. Slik kunnskap vil også vere viktig i drøftingane av lokalsjukehusa si rolle og framtid.

Av presseoppslag i lokalpressa etter styremøtet i Helse Førde, går det fram at styreleiaren ser på dette som for komplisert. Han hevdar at konklusjonane frå slike vurdering kan trekkast i den lei ein møtte ønske avhengig av ståstad.

I samband med omleggingar innafor helseforetaket og særskilt oppretting av forsterka fødestove ved Lærdal sjukehus etterlyste Sogn regionråd konsekvensvurderingar før vedtak vart fatta i foretaksmøte i Helse Vest 18 juni 2003. Av foretaksmøtet sitt vedtak går det mellom anna fram:

.....Videre skal det dokumenteres hvordan de prehospitale tjenestene - herunder transportberedskap - og kvalifisering i stabilisering og håndtering av akutte skader understøtter dette. Det skal også dokumenteres hvordan samarbeidet med primærhelsetjenesten understøtter dette. Konsekvenser for kommunehelsetjenesten og samhandling mellom tjenestenivåene skal dokumenteres og omtales særskilt.

Sogn Regionråd oppfattar langt på veg vedtaket som ei erkjenning av mangel ved sakshandsaminga. Samme mangel gjer seg, etter vårt syn, gjeldande i denne samanhengen.

Eldre menneske er dei største forbrukarane av helsetenester. Om ein ser på andelen av befolkninga over 80 år, er denne vesentleg høgare i Sogn enn landsgjennomsnittet. SSB sine folketalsframskrivingar viser at andelen eldre i våre ni kommunar også i dei kommane 20 åra ligg over landsgjennomsnittet. Etter vårt syn aukar dette trongen for å konkretisere konsekvensane av dei omleggingar som skal gjerast.

Samstundes er det dei konkrete verknadene **befolkninga og pasientane** er opptekne av. Det bør difor vere relevant å få fram kor mange pasientar som vert påverka, kven dei er, kva dei skal behandlast for, kor langt dei må reise og kva dette medfører for organisering og bemanning av ambulansetenesta.

Dei politiske vurderingane vil også vere knytt til dei samla **samfunnsøkonomiske** vinstar eller kostnader ved dei varsla omleggingane. Desse skil seg frå dei reine bedrifts-økonomiske vurderingar som vert gjort i kvart einskild foretak. Med ein faktakunnskap som skissert over, vil det nasjonale politiske nivå bli sett i betre stand til å gjere ei vurdering av dei samfunnsøkonomiske verknadene av dei tiltak som vert sette i verk innafor helseforetaka.

Sogn regionråd ber om at helseministeren set i verk tiltak for å få fram slik kunnskap som basis for ei vidare utforming av den nasjonale helsepolitikken.

## 2.9 Levedyktige lokalsjukehus

Det er ei klårt uttrykt politisk målsetting frå Stortinget om å behalde levedyktige lokalsjukehus. Dette kom sist til uttrykk i St.prp. nr. 1 (2004-2005) der lokalsjukehusa si framtidige rolle er drøfta (kapittel 7.5) etter oppmoding frå fleirtalet i Sosialkomitéen (Budsjett-innst. S. nr. 11 (2003-2004)). I brev til Sosial- og helsedirektoratet peikar fylkeslegen i Sogn og Fjordane på:

*”Levedyktige lokalsjukehus er avhengige av fleire tilhøve. Mest grunnleggande er ei avklåring og konkretisering av kva typar pasientar og medisinske problemstillingar desse sjukehusa skal ivareta og sikring av helsepersonell med den rette kompetansen til å gjere dette. Det synest å vere semje om at kjerneoppgåver ved desse sjukehusa skal vere generell indremedisinsk kompetanse, geriatri, rehabilitering og ei form for generell kompetanse i akuttmedisin. Kva tilbod dei skal ha i høve fødselsomsorg og kirurgi er omstridd. Ei hovudutfordring er at det i dag ikkje finst nok fagfolk med kompetanse tilpassa denne sjukehusmodellen, og at fagfolk i liten grad ønskjer å erverve seg slik kompetanse. Dette er uttrykk for eit misforhold*

*mellom behovsprofilen i befolkninga og spesialistutdanninga av legane som sentrale helsestyresmakter ikkje kan sitje passivt å sjå på.*

*Levedyktige lokalsjukehus vil og vere avhengig av at desse sjukehusa kan ta i mot turnuskandidatar, og at dei kan drivast med akseptable vaktordningar. I St.prp. nr. 1 (2004-2005), heiter det at det må leggast til rette for å ivareta turnustenesta ved lokalsjukehusa, men det er ikkje sagt noko om korleis dette skal gjerast, og det hastar med å finne ei nasjonal avklåring på dette spørsmålet. Det same gjeld desse sjukehusa sin rolle som praksisplassar for andre typar helsepersonell.”*

I Helse Førde er det gjort ei rekke vedtak som påverkar lokalsjukehusa si rolle allereie i haust. Den politiske debatten kjem i etterkant av at avgjerdene er tekne. I høve å ha overordna politisk styring og legge rammer for helsetilbodet, vert dette feil. Sogn regionråd meiner ein slik debatt bør vere avklara på nasjonalt nivå, **før** helseforetaka tek avgjerder som rører ved lokalsjukehusa og deira rolle i framtida.

Når det gjeld dei konkrete vedtak som er gjort i Helse Førde, er Sogn regionråd si oppfatning at omstillings- og sentraliseringstiltaka **på lang sikt** kan synast så omfattande og konsekvensane for befolkninga så alvorlege, at saka ikkje kan avgjerast av Helse Førde / Helse Vest, men må leggjast fram for foretaksrådet til endeleg avgjerd.

Me vonar helseministeren vil ta desse innspelane med seg i det vidare arbeidet med utforminga av den nasjonale helsepolitikken.

Med helsing

Knut O. Aarethun  
Leiar  
(sign)

Alf Olsen jr  
Spesialkonsulent

Vedlegg: Brev frå Sogn regionråd til Helse Førde – merknader til saksutgreiing  
Brev frå Sogn regionråd til Helse Førde – konsekvensar for ambulansetenesta  
Svarbrev frå Helse Førde – konsekvensar for ambulansetenesta  
Kopi til: Sosialkomiteen, Stortingspolitikarane frå Sogn og Fjordane, styremedlemmene i Helse Vest, styremedlemmene i Helse Førde, Helse Vest, Jan Bolstad Helse Førde